

Ingebrigt Vik til sals

I morgon opnar Wendelboe galleri og kunsthandel salsutstilling i Øvregaten i Bergen. På lista over verk som skal seljast er tre skulpturar av Ingebrigt Vik.

CAMILLA KVAMME

– Dette er stort, ikkje berre i Øystese og i Kvam, men i Bergen og Oslo, og hadde ein visst om det i Budapest, så hadde det vore stort der òg, meiner kunsthandlar Egill Wendelboe Aarø.

Verka som står utstilte i galleriet, er *Arbeideren*, *Gammel kone* og *Jente fletter håret*. Skulpturane er laga i bronse og er høvesvis 108, 48 og 48 centimeter høge. *Arbeideren* vart laga i 1901, og vert rekna som Ingebrigt Viks gjennombrotsarbeid.

– Det finst nesten ingenting av Vik i privat eige. Då han døydd, testamenterte han stort sett alt han hadde laga til heimbygda. Truleg er det laga berre tre eksemplar av *Arbeideren* i bronse. Den eine står utstilt i Kvam, den andre vart donert til Bergen kunstmuseum av mellom andre Christian Michelsen, og den tredje er til sals no, seier Wendelboe Aarø.

Dialog med interessantar

Han ynskjer ikkje å spekulera i kor mykje skulpturen er verd i



dag, men hevdar at han tilhøyrer ein "svært høg prisklasse".

– Nasjonalgalleriet i Oslo har allereie vore i kontakt med oss, seier kunsthandlar, og legg til:

– Gjennom utstillinga ynskjer me ein dialog med interessantar. Gamlehaugen i Bergen, Nasjonalgalleriet i Oslo eller det nye kulturhuset på Os kan vera potensielle stader for skulpturen. Målet vårt

er at flest mogleg skal få høve til å sjå han, seier han.

Gammel kone vart laga i Paris i 1904. Skulpturen finst i to storleikar; 48 og 98 centimeter. På ei utstilling i Budapest i 1906 vann Vik gullmedalje for skulpturen, og Budapest musée de beaux-arts bestilte han i marmor.

– *Gammel kone* er framleis del av den faste utstillinga i museet,



Over:

Fem eksemplar: *Jente fletter håret* er frå 1909. Bronseskulpturen er 48 centimeter høg, og er truleg laga i fem eksemplar.

Til venstre:

Gjennombrotsarbeid: På salsutstillinga i Øvregaten finn ein mellom anna eit eksemplar av bronseskulpturen *Arbeideren*. Skulpturen er frå 1901, og vert rekna som Ingebrigt Viks gjennombrotsarbeid.

seier Wendelboe Aarø.

Lyrisk og var kunstnar

Kunsthandlar skildrar Vik som ein kunstnar utan olbogar og utan eit stort ego.

– Verka hans er kjenneteikna av ei lyrisk, var skjønnheit. Som Jappe Nilsen skreiv i sin nekrolog i Dagbladet i 1927: Ingebrigt Vik tilhøyrde den sjeldne klan som ikkje var kommersiell og brautande, men som dyrka fram si vidareut-

Fakta INGEBRIGT VIK

- Ingebrigt Vik vart fødd 5. mars 1867 i Øystese og døydd 22. mars 1927.
- Vik vert rekna som ein av Noregs største bilethoggarar. Han byrja karrieren som treskjerar i faren sin møbelverkstad.
- Vik gjekk i lære som gipsmakar i Bergen, før han flytta til København og Paris og utdanna seg til kunstnar.
- Dei fleste av verka hans er å sjå i Ingebrigt Vik museum i Øystese, men *Ung pike* frå 1903 og *Ynglingen* frå 1913 står utstilte i Nasjonalgalleriet i Oslo, og i teaterparken i Bergen finn ein bronsestatuen av komponist Edvard Grieg frå 1915.

Kjelder: Wikipedia

vikling på eiga hand, seier Wendelboe Aarø.

Salsutstillinga vert ståande i galleriet til 10. juli, og byd òg på gipsfiguren *Grieg med fiolin* av Øystein Laupsa frå Øystese.

27. juni kjem Reidar Storaas til galleriet for å kåsera om Vik. Storaas gav ut boka *Poesi i stein og bronse. Bilethoggaren Ingebrigt Vik* i 1994.

kvamme@hf.no

Byd på brukskunst med godt humør

– Me er ikkje gått ut på dato, sjølv om me har passert 50, forsikrar Marit Sandven Oma og Bente Sjursæther.

CAMILLA KVAMME

Denne helga opnar butikken Nova i Norheimsund dørene med nye eigarar bak disken. Sandven Oma og Sjursæther møttest for fyrste gong på Bergen handelsgymnasium. No har damene bestemt seg for å starta forretning saman.

– Fokuset vil vera nordisk brukskunst, men me kjem til å følgja med i andre trendar òg. Oleana og Ilse Jacobsen er nokre av merkevarene som skal vera presenterte i butikken, fortel dei.

I tillegg ynskjer duoen å arrangera kurs for nevenyttige sjeler.

– Me har mange ulike hobbyar, men har planar om å arrangera kurs i mellom anna ullfilting og

toving, seier Sandven Oma.

Slapp ut frå fengsel

For veninnene er det to ting som er viktige når dei skal driva butikk: Kreativitet og godt humør.

– Begge er like energiske, og me inspirerer kvarandre. Her er ingen pausar og ingen problem. Me fiksar alt sjølv, hevdar Sjursæther.

Ho er ei "byjente" som har feriert i Strandebarm i 40 år. 1. juni tok ho steget og flytta på landet. Etter ti år som tilsett i fengsel var ho lei.

– Me var trøyte av jobbane våre begge to. Dei siste åra har eg vore aktivtør og møbelsnikkar i Bergen fengsel. I vår slapp eg endeleg laus, seier ho og ler.

Sandven Oma var eigar av Nafkro & camping på Kvamskogen i 15 år.

– Eg er van med handel og vand, og litt kremmarånd sit eg nok igjen med enno, seier ho.

Mange planar

Damene har mange idear til korleis dei skal overleva som kremmarar i Norheimsund. Mellom anna ynskjer dei å ha utvida opningstider i turistsesongen.

– Me må ta vare på turistane som kjem til Norheimsund. Etter klokka 16.30 er sentrum nærast evakuert, seier dei.

Forretningspartnarane trur òg det er viktig å ha ein god dialog med innbyggjarane i Kvam.

– Butikken skal ha eit varesortiment som dekkjer alle lommebøker. I tillegg ynskjer me å knyta til oss lokale kunstnarar som kan selja varene sine i butikken, opplyser Sjursæther.

– Butikkprosjektet vert ein livsstil for oss. Målet er å få hjula til å gå rundt, og å ikkje verta blant dei som må gje opp før me er komne skikkeleg i gang, seier Sandven Oma.

kvamme@hf.no



Moro på jobb: Bente Sjursæther (t. v.) og Marit Sandven Oma tykkjer det er viktig med litt "moro, fart og fres" når ein skal driva butikk. I helga opnar dei dørene til nye Nova i Norheimsund sentrum.